

Nyheitsbrev februar 2023

Til alle frivillige lag og organisasjonar i Ål kommune



Spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet

- 19.feb** Frist for å sende innspel til spelemidelordninga
3.mai Informasjonsmøte om spelemidelordninga
15.mai Frist for å sende inn anlegg som skal på uprioritert og prioritert anleggsliste
1.okt Frist for å sende inn søknad om spelemidler
Ved spørsmål, ta kontakt med [Kristine J. Kapperud](#).

Ål Musikkråd

Musikkrådet er fellesorganet for musikkverksemd i Ål kommune og er song- og musikkлага sitt talerøyr inn mot politikarane. Musikkrådet har desse tilskotsordningane: Dugnadspott, prosjektmidler og underskotsgaranti.

- 1.mars** Årsmøte i Ål Musikkråd kl 19.00 på Ål Kulturhus
Påmelding til [Kristine J. Kapperud](#) innan 27.feb.

Ål Idrettsråd

Ål Idrettsråd er fellesorganet for idrett i Ål og er idrettens talerøyr inn mot politikarane. Idrettsrådet gjev tilskot til trenar- og leiarutdanning.

- 26. april** Allmøte for idrettslaga kl 18.00 på Bråta
Påmelding til [Kristine J. Kapperud](#) innan 19. april

Innbyggjarapp for Ål kommune

I mars vert innbyggjarappen lansert, der info og tilbod frå kommunen, lag og foreiningar vert samla og gjort enkelt tilgjengeleg. Me ønsker at alle lag og foreiningar opprettar ein brukar i appen. [Les meir her](#).

Informasjonsmøter på Ål Kulturhus (enkel servering):
Torsdag 16. februar kl 18.00-19.00
Torsdag 9. mars kl 18.00-19.00
Påmelding til [Anne Nordheim](#) innan 14.feb/7.mars

Me gratulerar!

Ål kommune sin kulturpris og ungdomsstipend for kultur og idrett vart utdelt i kommunestyret 15. desember 2022:

Kulturprisen	Trond Andersson
Ungdomsstipend idrett	Ingrid Gullhagen
Ungdomsstipend kultur	Olav Andreas Stræte Lie

Registrering av frivilligtimar

Hugs å registrere frivillig timar for perioden 1. august 2022 til 31. juli 2023. Du kan få tilsendt eit excel skjema for intern bruk. Arrangementa får lenke til digitalt skjema fortløpande. På førehand takk!



Mangfald og inkludering

Ål kommune ønsker å rette meir fokus mot mangfald og inkludering. I arrangementsforum i november kom Interkultur og inspirerte. Resultatene frå møtet har hatt gode resultat i arrangementsbygda så langt:

- Ål kommune og Ål Cup Fotball har inngått eit samarbeid om mangfaldsarbeid og rekruttering.
- Sundreball har gjort spanande grep for å marknadsføre sitt arrangement og ta enno betre vare på dei frivillige.
- Ice Music Festival tenker mangfald og berekraft i alt dei gjer og kan vere til god inspirasjon for andre.

Tilskotsordningar innan mangfaldsarbeid

- 16.feb [Mangfald og inkludering i idretten](#)
1.mars [Mangfald og inkludering barn og unge](#)
2.mars [Musikalsk og kulturelt mangfald "nye stemmer"](#)
14. apr [Mangfald i visuell kunst](#)
1.juni [Krafttak for mangfald i idretten](#)

Tilskot

På Ål kommune sin heimeside finn du oversikt over kommunale tilskotsordningar og lenker til ein del eksterne tilskotsordningar. [Klikk her](#).

[Tilskudd.no](#) gjev oversikt over statlege tilskotsordningar som frivillige organisasjonar kan søke på.

[Tverga](#) er eit ressurscenter for eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet. Her kan du få inspirasjon og rettleiing.

Tildeling av årlege tilskot til kulturformål skjer i Sektorutval for kultur og oppvekst (SUKO) i februar og utbetaling skjer i mars. Tildeling av arrangementstilskot vart gjort i desember 2022.

Nyttilsett folkehelsekoordinator i Ål kommune

Me ønsker [Hege Malene Ulstein](#) velkommen!

